



Årets mestvinnande 2009 Frå venstre:

Årets mestvinnande: **NORD VCH Desperados Rochelle** til Inger Handegård, Gaupne

Årets debutant: **Desperados Wells Fargo** til Lars Gunnar og Eva Røneid, Årdalstangen

Årets junior: **Desperados X-file** til Håvard Heimtun, Svelgen



Bevegeleg jaktanleggsprøve og apportprøve 2009

Ellen Getz Wold var på ferie, men stilte opp som dommar då den einaste som hadde meldt seg på jaktanleggsprøve var Desperados Xmilla til Inger Handegård. Samstundes gjekk Xmilla også

apportprøve - og bestod begge deler. Dei to andre hundane som gjekk apportprøve kom frå austlandet.

Blodsporprøve i Luster 30 mai 2009

Dummare: Ivar Vassdokken og Pål Vesterås, begge frå Vågå. 14 hundar starta - berre fire gjekk til 1. premie i år - ein av desse med HP. 4 fikk 2. premie, tre fikk 3. premie og tre gikk til 0. Link til stor billedblogg med mange bilder frå prøven finn du her. Alle som var påmeldt før fristen fekk gå.

Nr. 1 **NORD VCH Desperados Rochelle** (springer) til Inger Handegård

Nr. 2 med 1. premie **NVCH Astrospring's lo** (springer) til Einar Ese

Nr. 3 **N FIN VCH Desperados Vezla** (springer) til Inger Handegård

Nr. 4 **NVCH Freetains Mcindy Bozina** (springer) til Ernst Inge Brugrand



Dei tre beste hundane i Lærdal med sine respektive førarar. Frå venstre Einar Ese med NVCH Astrosprings Io, Inger Marie Hauglund (Bergen) med NVCH Anazeidee og Elin Anita Gjerde med NSVCH Desperados Tingeling. Bak dommarane Ivar Jonny Sønderol og Knut Jørstad.

Blodspørprøve i Lærdal 2 mai 2009

Dette var første prøve arrangert i Lærdal kommune noen gang og arrangørar var Norsk Spaniel Klub avd. Sogn og Fjordane med familien Brugrand i spissen. De to dommarane Knut Jørstad og Ivar Jonny Sønderol hadde tatt vegen over fjellet fra Valdres for å dømme de 11 hundene som fikk starte. Det var veldig tørt i området og mye hjort, men før spora skulle gås ble det kjølegare i lufta og det kom noe regn. Hele 7 fikk 1. Premie og den beste av disse fikk også HP. To fikk 2. Premie, en fikk 3. Premie og en gikk til 0 denne gangen. Vi som var arrangørane har fått mange positive tilbakemeldingar på spørprøven, og det er veldig kjekt når vi er helt ferske i "gamet".


1. NVCH Anazeidee (dachs) Inger Marie Haugland
2. **NVCH Astrosprings Io** (springer) Einar Ese
3. **NSVCH Desperados Tingeling** (springer) Elin Anita Gjerde
4. NMB-07NSVCH Svegro Tasha (labrador) Anne Katrin Bøyum
5. **Merjanos Barbie Girl** (springer) Søren Ø. Mo
6. **NVCH Freetains Macindy Bozina** (springer) Ernst I Brugrand
7. **NUCH NVCH Bobwhites Vision O`The Shepherd** (springer) Else K. Grindheim



Vinnarbildet til Monica Brugrand frå Lærdal. Ernst Inge og Cindy har funne hjorten!

Vinnar av fotokonkurransen er kåra

5 fotografar sendte inn til saman 9 bilder. Ellen og Inger har vore dommarar og kvar rangerte tre beste bilde slik at nr. 1 fekk 10 poeng, nr. 2 fekk 7 poeng og nr. 3 fekk 5 poeng. Fire bilder plasserte seg. Vinnaren og nr. 2 var einstemmig og fekk henholdsvis 20 og 14 poeng. To bilde kom på delt 3. plass med 5. poeng.



Medlemsutvikling frå 1985 til 2010 - mørk lilla er familiemedlemmer.

Oversikt over bevegelege prøvar i 2010

Blodspor - 14 ordinære startar + to på godkjenningssprøve (4 spaniels)

Ferskpor - 6 ordinære startar + to på godkjenningssprøve (1 spaniel)

Jaktanlegg - 1 start

Apportprøve - 0

Alle spanielane var av rasen engelsk springer spaniel.



Springeren Mira hjå "fotografen"

Asbjørg Rebni i Gaupne og springeren Mira vant fotografering på årsmøtet i februar. Dette er nokre av dei beste bileta som vart resultatet. Også på årsmøtet i 2011 set Inger Handegård opp denne gáva til den tradisjonelle utloddinga. Asbjørg har fått ein CD med mange bilete på.



Om vinteren er det er lurt å bruke litt ekstra tid på pelsstellet

Då heng det mykje mindre snø i hunden sin pels og potar. Her er det cockeren Molly som har vore hjå frisøren.

Minispanielsamling i Vik i Sogn 2010

Avdelinga har i dag berre to medlemmer i Vik i Sogn - men begge hadde lyst å møta leiaren då ho var i Vik i samband med anna ærend der. Dessverre var det berre ein familie som møtte opp, men me fekk oss ein hyggeleg kaffikopp på kafeen til Meieriet. Hunden er ein springer, og her - som dei andre stadene eg har vore i sommar - er det største behovet hjelp til generell lydighetstrening og eventuelt tips om pelsstell og føring. Og interessa for spor, sporprøvar og ettersøkshund er stor, då far i huset er hjortejegar.

Så då håpar me å sjå fleire av klubben sine medlemmer på sporprøve til neste år og på årsmøte og samlingar. Dørstokkmila er ofte den lengste, og det å alltid trene åleine er ofte ikkje det luraste.

To springere blant dei tre beste på blodsporprøven i Fortun 2010

Prøvens beste hund med HP vart **NVCH Desperados Titicaca** med fører Jeanett Kvammen (til høgre på bildet).

Nr. 3 med 1. pr. **NSVCH Desperados Tingeling** til Elin Anita Gjerde.

To medlemmer av avdelinga vår stod bak heile arrangementet, Torill og Andreas Otterhjell. STOR takk til dei!



Blodsporprøve i Førde 22. august 2010 - to springere øvst på pallen!

6 springere starta på denne prøven som hadde 20 startande hundar.

Prøvens beste hund med HP NUCH Bobwhite Cream No Sugar til Else Grindheim.

Nr. 2 med HP. NUCH NVCH Stardum Summer Shoes til Bente Andresen.

1. premie til

NSVCH Desperados Tingeling til Elin Anita Gjerde. **NUCH Bobwhite Acid Jazz** til Else Grindheim

Westaway Lesley Waters til Britt Halbrend. Den siste springeren fekk ein 2. premie da han dessverre gjekk forbi sporslutt. Knall resultat på en prøve med gamle og våte spor!

12 hundar starta på sporprøven i Askvoll 21 august

Prøven ble holdt i Gjerdedalen i Stongfjorden. Et fantastisk område, typisk vestlandsterreng. Mye kratt, kupert terreng og mye hjort. Været var bra, lettere overskyet, litt regn og super temperatur. Tolv hunder var påmeldte, alle møtte. Dommerene var Andreas Otterhjell og Erik Svendsen. Av hundene som var påmeldt fikk en Basset Hound 1. med hp, og ble prøvevinner, eier Åse Brevik. En Bayersk viltsporhund fikk 1. pr, og ble nr.2, eier Kjell Kristian Carlsen. Nr 3 var en Langhåret dachshund med 1.pr, eier Åge Guddal. Torstein Solset med **Zelini's Diamond Hunter** fikk 1. pr, og ble nr 4. Nr 5 med 1.pr var en Strihåret Dachs,



eier Inger- Berit og Fredrik Haugen. Vi hadde 2. andre premier, en 3. premie og fire som nullet.

Som arrangør for prøven er jeg godt fornøyd med området, været, deltakerne, sporleggerne og ikke minst to supre dommere. Vi har hatt en trivelig dag, med god mat, kake, brus og kaffe kokt på bål. Praten gikk livlig hele dagen om spor, hund, prøver, jakt etc., i området rundt gapahuken.

3 spaniels blant dei 5 beste på sporprøve i Sandane 21. august 2010

19. startende hundar (6 springere). Berre fem fikk 1. premie og to av disse HP. Då er det godt jobba å ha 3 springere blant dei 5 beste! Vant gjorde en bayersk viltsporhund. 1. premie m HP og nr. 2 totalt ble **NSVCH Desperados Tingeling** til Elin Anita gjerde. Nr. 3 med 1. premie **NVCH NUCH Stardom Summer Shoes** til Bente Andresen. Ein solid 1. premie også til **NVCH Desperados X-file** til Håvard Heimtun. Dei tre øvrige springerane fikk 2. premie.



Til venstre Eva Kvammen med Tica, Einar Ese og til høgre Inger Handegård med Chelly

Tre springere frå avdelinga med 1. premie på NM blodspor 2010!

NORD VCH Desperados Rochelle og Inger Handegård gjorde det best då ho fekk 1. premie med HP i den innleiande runden etter eit bort i mot perfekt spor og dei vart plukka ut til finale. I finalen vart Chelly og Inger nr. 4. **NVCH Desperados Titicaca** ført av Gunnar Kvammen sleit litt med elgtrakk men fekk ein god 1. premie. **NVCH Astrospring's lo** og til einar Ese hadde først ei orrhøne så ei rugde på sitt spor. lo gjekk då litt vekk frå sporet sitt, men frå 1. vinkel til sporslutt gjekk ho utmerka. Ein god 1. premie også på henne. Avdelinga gjorde det dermed svært godt på dette NM-et.



Ein spaniel frå fylket har starta på bevegeleg jaktanleggsprøve

Det er springeren **Desperados Aya** til Inger Handegård. Sidan Inger er den einaste dommaren i fylket, vart ho dømt av ferierende Ellen Getz Wold.



Ny viltspor champion:

NVCH Desperados X-file - til dagleg Luna - som er eigd og trent av unge Håvar Heimtun, Svelgen. Ekstra stor honnør til Håvard som både trener, fører, går ettersøk og stiller ut Luna sjølv. Godt jobba!



Tre spaniels på toppen på blodsporprøven i Luster 30. juni-1.juli

Det var 11 startande hundar - av desse heile 8 springere. Det var 5 x 1. premie - to av desse med HP, 3 x 3. premie og 3 x 0.

Frå venstre prøvens beste hund Jeanette Kvammen, Vassenden med **NVCH Desperados Titicaca**. Til høgre dagens beste hund med 1. premie Elin Anita gjerde, Leikanger med **NSVCH Desperados Tingeling**. Einar Ese med **NVCH Astrosprings** lo vart prøvens andre beste hund med HP.



Sjå - eg har vore på pelsstellkurs

Denne kjekke hunden kom på besøk frå Sandane. Øvst er det FØR bilete. Under og til høgre er det etter-bilete. Det er enno att rikeleg med pels som skal av, men dette vert betre etter kvart. Att er det ei stor bøtte full av hår...

Frå uformelle samlinga i Årdal 17. juni

Alle medlemmer busett i Årdal og Lærdal vart kontakta, men møtte gjorde berre tre medlemmer frå Årdal, ei i frå Høyanger/Bergen pluss leiaren. Bente og Nils Solheim stile hagen sin til disposisjon og Bente hadde steikt dei gode lappane. Det vart prata om litt forskjellig og me såg litt på pelsstell. Men det viktigaste var å møta kvarandre og verta kjende.

Hundane hadde det kjempekjekt og yngstemann, Linus, fekk etter kvart tunge lang som eit slips...



Ny viltsporchampion NVCH Desperados Veni-Vidi-Vici - viltsporchampion nr. 50 frå kennel Desperado

Helge Growe gjekk bevegeleg blodsporprøve med Bodil Otterhjell og resultatet vart ein 1. premie og eit championat. Me gratulerer!

Ny viltsporchampion:
NVCH Merjano's Barbie Girl (engelsk springer spaniel) til Søren Ørbeck-Moe, Lærdal

Avdelinga si blodsporprøve i Luster 5. juni

Det vart 10 x 1. premie - fire av desse med HP, 3 x 2. premie og 1 x 0.
Frå venstre på delt 2. plass Arvid Solheim med **NSVCH Sisustar Compromise**, Søren Ørbeck-Mo med prøvens beste hund **NVCH Merjano's Barbie Girl**, Inger Handegård på delt 2. plass med **NORD VCH Desperados Rochelle** og på fjerde plass Einar Ese med **NVCH Astrosprings Io**. Det vart HP på alle fire.

1. premie også til:

nr. 5: **Zelini's Diamond Hunter** (springer) til Torstein Solset

nr. 6: **Janes Joplin** (springer) til Ernst Inge



Brugrand

nr. 7: **NVCH Doggygarden's She is the Supergirl** (amerikaner) til Ernst Inge Brugrand

nr. 8: Narjana's Filosofia (labrador) til Eva Røneid

nr. 9: **NVCH Freetain's Mcindy Bozina** (springer) til Ernst Inge Brugrand

nr. 10: **Desperados Xavier** (springer) til Anita Helgesen

3 hundar gjekk til 2. premie - ein kom ikkje til sporslutt denne dagen.

Dei to trønderske dommarane Helge Growe og Marvin Røstadli skrytte over svært god kvalitet på alle hundane. Dømte gjorde også Andreas Otterhjell. Stor takk til dommarane og ikkje minst alle sporleggarane.



Dobbel blodsporprøve på Nordfjordeid 29 og 30 mai

Lørdag vart springer **NVCH Desperados Titicaca** ført av Raymond Kvammen nr. 3. Søndag var det tre springere på pallen. Frå venstre nr. 3 Bente Andresen med **NUCH NVCH Stardom Summer Shoes**, i midten vinner 16 år gamle Håvard Heimtun med **Desperados X-file** og til høgre nr. 2 Einar Ese med **NVCH Astrosprings lo**. Det vart HP på i all fall dei to fyrste plassane - me er usikre på nr. 3. Foto: Anita Heimtun



Blodsporkurset i Årdal mai 2010

Arvid Solheim har drege kurset i gang og er instruktør. Her er dei fire som møtte på fyrste samling med hund. Frå venstre: Jan Frode Hovland med korthåra dachs, Torfinn Grøttebø med wachtelhund, Anna Nyberg med amerikansk cocker og Lars Gunnar Røneid med springer. Me håpar å sjå desse ekvipasjane igjen på prøvar og som godkjent ettersøkshund - eller at dei nyttar kunnskapen til å sysselsetja hunden i kvardagen. Kurset er no avslutta - men Arvid oppfordrar alle til å trena hundane sine og prøver å få til ei samling og kanskje sporprøve på ettersommaren.



Inger Handegård med Desperados Xmilla, Desperados Vezla og Desperados Rochelle. Laila Røneid med Desperados Wells Fargo. Dei to andre spanielane i LP-ringen som ikkje kom med på dette bildet var Martin Gjølringbø med NVCH Kahill's Bright and Beautiful og Britt Halbrend med Westaways Lesley Waters.

Utstillinga i Naustdal 25. april 2010

Dette er den einaste utstillinga for spaniels som me har innafor avdelinga. STOR gratulasjon til Wenche Søreide, Bergen som vart BIS med springer **NORD UCH Nimblewhit Winter Affair**.

I lydigheitsringen starta totalt 15 hundar og heile 6 av desse var spaniels (springere)! Dette må vera bort i mot rekord på landsbasis? Mange sleit med å gå på det våte graset slik at mange hundar gjekk meir spor enn på plass. Det var + 3 grader og duskregn og bakken lukta tydelegvis fantastisk spennande! Eg håper de tre som debuterte i lydigheitsringen denne dagen IKKJE gir opp men jobbar vidare. Alle hadde glimtvis svært gode prestasjonar som viser at de er på rett veg, men fekk det ikkje heilt til denne dagen. Dessutan må de ikkje gløyme at de er MYKJE flinkare enn alle dei som enno ikkje har starta i lydigheit! Eg hadde eit håp om å få samla alle 6 spanielane som starta i lydigheit denne dagen - men det var dessverre ikkje råd å få til.

Klasse I: 12 startande hundar - nr. 2 med 1. premie og 161 poeng **Desperados Xmilla** til Inger Handegård. Klasse II: 2 startande hundar - vinnar med 3. premie og 11 poeng **N FIN VCH Desperados Vezla** til Inger Handegård. Klasse III: 1 startande hund - vinnar med 1. premie og 260 poeng **NORD VCH Desperados Rochelle** til Inger Handegård



Me var 10 stykke som møtte til eit kort og triveleg årsmøte 2010

Frå venstre:
Vigdis Vigdal,
Torill Otterhjell,
Mona C Nyløy,
Elin Anita
Gjerde, Laila
Røneid, Asbjørg
Rebni, Lars
Gunnar Røneid,

Einar Ese og Arvid Solheim + fotograf Inger Handegård. Møtet var onsdag 17. februar på rådhuset i Gaupne. 9 medlemmer med stemmerett + eit familiemedlem møtte.

Inger Handegård er vald som leiar for to nye år. Mona C. Nyløy vant hovudgevinsten. Inger viste bilete frå sporprøve i Finland.



Trimmekurset i januar 2010 var ein suksess

Me var 6 stykke som var heime hjå Inger Handegård. Frå venstre Lars Gunnar og Laila Rønneid, Mona Nyløy, Linda Aalen, Vigdis Vigdal og Arvid Solheim. Tema var kvardagstrimming og utstillingstrimming av springer. I tillegg vart det også litt sosialt.

Arvid og Lars Gunnar gjekk ivrig i gang med Mille



Representantskapsmøte i Norsk Spaniel Klub sentralt 2010

På Gardemoen 10.-11. april 2010. Frå avdelinga reiste leiar Inger Handegård og Elin Anita Gjerde. Dag ein var RS-saker og leiarmøte. Dag 2 var ope møte om utviklinga til spanielrasane i Norge.